

STRATEGI FOR BRUK AV MIDLAR TIL KULTURLANDSKAPET (SMIL OG NMSK) I AUSTRHEIM 2008-2012.

(Framlegg frå landbruksfagrådet 01.04.08. Tilrådd i formannskapet 18.04.08. Vedteken i kommunestyret 15.05.08.)

Kommunane får kvart år tildelt midlar frå staten som skal fordelast til eigarar av landbrukseigedomar som planlegg spesielle tiltak i kulturlandskapet. Det er 2 ordningar med kvar si forskrift:

- Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
- Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Staten har fastsett forskrifter for ordningane. Kommunane må følgja desse, men skal utarbeida lokale målsettingar og strategiar. I den lokale strategien er det viktig å synleggjera utfordringane ein står overfor lokalt, vedta lokale målsettingar og korleis ein vil nytta midlane for å nå målsettingane. - Fylkesmannen disponerer i tillegg midlar til skogsvegbygging m.m..

Utfordringar knytt til kulturlandskapet i Austrheim.

I Austrheim har det flate lyngheilandskapet vore dominerande. Den beste jorda har vorte dyrka til åker, eng og innmarksbeite. Resten av lyngheiane vart nytta til utmarksbeite. På heile 1900-talet vart det planta skog og leplanting med ønskje om skogbruk og ikkje minst livd. I ettertid må ein nok erkjenne at det vart planta på ein del stader der det ikkje bør vera skog. Drifta i landbruket har endra seg dei siste 50-60 åra. Mange bruk er lagt ned. Eit aukande tal eigarar bur utanfor bruket og gjerne utanfor kommunen. Dette fører ofte til problem med gjerdehald og andre fellestiltak. Beitedyra har forsvunne frå utmarka. Manglande beiting kombinert med planteskog som frøar seg og lauvskog som veks opp, gjer at landskapet gror til. Vi er i ferd med å missa det opne kystlandskapet!

Fiskarbonden ”forma” landskapet etter sine behov. I tillegg til husa i tunet var det trong for gardflorar, torvhus, naust, jordkjellarar, kvernhus, steingardar, bakkemurar, murde kanalar m.m. Alt tømmer måtte kjøpast utanfrå, medan området hadde rikeleg stein. Gråstein var difor viktig som bygningsmateriale – og murarkunsten stod høgt. I dag er det ikkje trong for desse bygningane og dei er i ferd med å forsvinna.

Dyra trakka stiar i utmarka. Det same gjorde folka på veg til beita, torvmyrane, nabobygder med meir. Manglande beitedyr, mindre nyttetraffikk i marka og aukande tilgroing gjer at dei gamle stiane er i ferd med å gro til.

Austrheim har variert landskap. Det er utarbeidd rapportar om biologisk mangfald med hefta Naturtypar i Austrheim og Viltet i Austrheim. - Dersom ein hindrar tilgroing, så er neppe mangel på biologisk mangfald den store utfordringa i kommunen.

Hovudmål for kulturlandskapet:

Skapa eit opnare landskap som grunnlag for landbruk, reiseliv og trivsel i bygda.

Delmål i prioritert rekkfølge:

- 1. Bruka midlane slik at dei kan vera med å gje motivasjon og varig inntekt til bonden.**
- 2. Eit opnare landskap** vert hovudsatsingsområde. Her skal ein leggja serleg vekt på lyngheiane med Øyane som spesielt prioritert område.
- 3. Ta vare på ein del kulturminne.**
- 4. Tiltak i skogbruket.**
- 5. Medverka til å gjera marka til turområde (turstiar m.m.).**
- 6. Ta vare på og leggja til rette for biologisk mangfald.**

Strategiar for å nå måla:

Innleiing.

Aktive bønder og yngre brukarar bør prioriterast.

Tilskotet må vera så stort at brukarane finn det interessant å gjennomføra prosjektet.

40 % må vera minimum tilskot. Tilskotet kan variera etter dei andre kriteria.

1. Opnare landskap.

Viktigste tiltak vert rydding/brenning og inngjerding av område for å nytta desse til beite.

Større område og samarbeidstiltak skal prioriterast der desse gjev gode løysingar.

Etter rydding må det vera krav om beiting (eller andre tiltak) for å halda vegetasjonen nede.

2. Kulturminne.

Samarbeida med grunneigarar, kulturinteresserte lag og personar, kulturstyresmakt og andre for å ta vare på dei viktigaste og mest særprega kulturminna.

3. Varig inntekt.

Styra midlane slik at ein tek omsyn til andre årlege tilskotsordningar t.d. Regionalt Miljøprogram og andre rammevilkår for landbruket.

4. Skogbruket.

Vera open for aktuelle tiltak i skogbruket i kommunen.

5. Turområde.

Tiltak for auka ferdsel i marka må skje i nært samarbeid med grunneigarar, bygdelag, kommunen m.fl. Det er avgrensa tilgang på SMIL-midlar. Kommunen har avsett midlar til turstiar m.m. i 2009. Det er naturleg å nedprioritera bruk av SMIL-midlar til dette arbeidet så lenge kommunen har eigne midlar.

6. Biologisk mangfald.

Vera open for innspel dersom nokon ser trong for og ønskjer å arbeida for biologisk mangfald. Tiltak må jamførast med registreringane som er gjort.